



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Vi startar opp med frivillig skogvern ved Gyttavatnet i Fjaler kommune

Etter dialog med grunneigarane og AT Skog melder vi formell oppstart av skogvernprosess ved Gyttavatnet i Fjaler kommune. Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen som no startar opp etter naturmangfaldlova, og å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Eigarforhold ved Gyttavatnet

Tilbudsområdet ved Gyttavatnet er lokalisert på gards- og bruksnummer 26/1, 96/1, 96/3, 96/8, 96/9, 98/3, 100/4, 100/5 og 104/2 i Fjaler kommune. Området er eigd av private grunneigarar som har signert tilbod om vern av areal som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Miljødirektoratet eig også areal i området. Tilbodet kom oss i hende 22. juni 2018. Verneprosessen fram til offisiell oppstartsmelding har teke lang tid grunna arbeid med makeskifte. Området vart kartlagt av Andersson & Hermansson (2006) som underøkte området i samband med prosjektet 'Statskog 2004, DP 2' på oppdrag frå Miljødirektoratet.

Eit større intakt område med lågareliggjande skog

Tilbudsområdet på 4475 dekar ligg i landarealet mellom Gyttavatnet og Breidvatnet i Fjaler kommune, mellom 10 og 455 moh. Skogen ligg i boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone, og klart oseanisk/sterkt oseanisk kystseksjon. Arealet inkluderer 12 ulike naturtyperegistreringar i eit forholdsvis samanhengande og intakt område av lågareliggjande skog. I tilbudsarealet er det registrert stor variasjon i vegetasjon, og jamt over fleiraldra skog med lite påverknad av menneskeleg aktivitet. Det er gamal kystfurusskog med blåbærskog og lågurtskog, der furutrea er seintveksande, stadvis truleg med alder på truleg over 300 år.

Bekkekløft og raudlista naturtypar

Sørvest i tilbudsområdet ligg ei nordvendt kløft med velutvikla lav- og mosesamfunn med fuktkrevjande artar, og det finst fleire lokalitetar med velutvikla gamal boreal lauvskog med kravfulle raudlista artar som olivenlav og kystprikklav. Ved vatnet er det blåbær-svartorskog og alm-lindeskog av vestleg utforming med hasselkratt. Artsregistreringar som ospeildkjuke tyder på god kontinuitet av osp. Eit funn av blomsterstry (VU) var det andre funnet av arten på Vestlandet. Arealet dekkjer også rik edellauvskog med grove tre av svartor, lind og eik. Det er registrert gamal fattig



edellauvskog med hasselkratt og gamal svartorskog. Lokaliteten er ein del av eit større skogområde med kvalitetar knytt til både eldre lauvskog med rike lavsamfunn, regnskogsmiljø og eldre furuskog.

Vi vurderer området til å oppfylle viktige manglar i skogvernet både i fylket og nasjonalt med gamal og variert rik og fattig edellauvskog, fattig boreonemoral regnskog og forholdsvis intakte område av lågareliggjande skog i boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone.



Figur 1 Svartorskog i tilbodsområdet som vi no startar opp verneprosess på i Fjaler kommune. Tilbodsområdet dekker 12 naturtyperegistreringar og er høgst verneverdig. Foto: Janolof Hermansson.

Mål om 10 prosent vern av skogen i Vestland

Det er ei nasjonal målsetjing å redusere tapet av naturmangfald, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at om lag 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med litt over 3 prosent av skogen i fylket verna til no, er vi enno langt unna dette målet i Vestland. Med eit vern av skogen ved Gyttavatnet vil ein komme litt nærmare målet om å ta betre vare på sjeldne og truga artar og naturtypar i fylket.

Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne Gyttavatnet som naturreservat. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til restriksjonar på bruk av området når det gjeld hogst og andre inngrep.



Grunneigar vil ha rett til jakt og fangst, og ålmenta vil kunne nytte området til friluftsliv, plukke matsopp og bær. Kulturminne kan bli restaurert og ivareteke i samråd med kulturminnemynde. Området er ikkje i utstrekkt bruk som beiteområde for husdyr i dag, men det er hjort i området.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og ulike tema kan bli så opplyst som mogleg. Førebels har arbeidsnamnet på området vore Gyttavatnet, men vi ønskjer innspel på namn på skogen ved Gyttavatnet. Når innspel til oppstartsmeldinga er vurdert, vil vi sende eit meir detaljert forslag til vern på høyring.

Send innspel til oppstartsmeldinga som brev til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvaltaren.no innan **23. januar 2024**.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår [Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](https://statsforvalteren.no) under tema Høyringar. Vi har også ei eiga temaside om frivillig skogvern med generell informasjon om ordninga.

Dette brevet er sendt ut til alle grunneigarar og rettshavarar innanfor det aktuelle området, samt lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet. Vi ber om tilbakemelding på eventuelle manglar i adresselista til sakshandsamar på e-post maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonssjef, naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Frivillig vern, høyringskart Gyttavatnet , Fjaler kommune
- 2 Utkast verneforskrift Gyttavatnet i Fjaler kommune



Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU



Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboegate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Ny dalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO



Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
FJALER KOMMUNE ADMINISTRASJON	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
FJALER KOMMUNE TEKNISK KONTOR	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
FJALER POLITISTASJON	Postboks 85	6901	FLORØ
INDRE SUNNFJORD TURLAG	Postboks 488	6801	FØRDE
STIFTELSEN RØDE KORS NORDISK UNITED WORLD COLLEGE	Hauglandsvegen 304	6968	FLEKKE
FLEKKE BEITELAG	c/o Peter Kåre Igelkjøn Igeltjørn 27	6968	FLEKKE
FLEKKE GRENDALAG	c/o Øystein S. Haaland Flekkekleivane 2	6968	FLEKKE